

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Skav - nr 7.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nore

Emne: Skav.

Bygdelag: Kvitbygd

Oppskr. av: O. G. Rue

Gard: Kurverud og Nore

(adresse): Kravik

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Bonde

Knut Nore, f. 1872.

Bonde Tolly Kurverud f. 27/2 99 m fl.

SVAR

1. For i tida blei det brukt ein god del hjelpefor. Det blei helst kalla ruskefor. Enkelte reknar skindplattene til dette, men helst var det, barhakk, reinsmose, rispalaur, kjervalaaur, grøsjå, at dei skar gras der det var umogleg å slå. I vår-tenipa brukar dei røyshyng eller buslehyng som dei seier her.

2. Skav er ikeje brukt i bygda på mange år. Knut Nore f. 1872 sier at det var helst i plassen at de brukte skav. Tolly Kurverud seier at dei brukar dei skav for ein 40 år sidan. Han var vel med på det da han var ein 8-10 år. Dei kalla det berre skav. Han nemner og at dei kørde heim bjørk ^{med riset på} om vinteren og slepte dyra ut til det. Dei kalla det: å beite ris. Det er slutt for lenge sidan. Riset kalla dei beit. Trur mest at dei har høyst brum brukar, men noko samnamn er ukjent.

3. Det blei bygd å skava-skjev-skov-har skove.

4. Dei har nytta skav ither dette som for er

2.
sagt. Dei kalla det skav. Det bli bruka som
hjelpesfor. Det bli da bruka sikkert for ca 40
år sidan, kanskje seinare, men nå er
det nok slutt med å bruke det.

5.

Dei bruka mest bjørk for det var lettast å
finne, men dei bruka og osp og raun.
Alm er det svært lite av her i bygda. J.
Kurverud kan ikkje hugse at dei brukte
gran eller furu, men hugsar at dei hogg
små gran og køyrdde heim til for for
geitane. Trur han har høyrte at rogn
var best til skav.

6.

Har ikkje funne at nokon kjenner til
ordet skav som nytta om eit sers bustlag

7.

Det er flere som seier at dei har høyrte
om bustlaga. J. Kurverud hugsar serlig
raunen. Jøe, selja, solle, vuren, velta, men
hugsar ikkje noko meire om det. Knut
Nore har og høyrte dette verset.

8.

Skav bli bruka til kuene. Dei bruka
det saman med polstgras og koka
låg av det og gav det til krøttera. Dei
åttakk saman og drakk "lægen". Har ikkje
høyrte om det var nokon viss tid på året
dei bruka skav, men J. Kurverud seier
det var dei lange vinterkveldane dei sat
og skov. Ællers hugsar han ikkje om det var
ymse slag bork dei kunne ikkje bruke.

9.

Har ikkje ^{høyrte} nokon si noko om dei fekk
meire smør eller fykkare rjome om dei

bruka skav.

10.

Kan ikkje hugse at dei drog innvend til skogs eller skavved. Dei bruka helst å ta barken av veden dei køyrde heim og skulle ha til huset.

11.

Det er ikkje noko navn for dette å reise eller skavved.

12.

Det mätte i tilfelle vera å hente skavved.

13.

Karaka er, såvidt eg kan skyne, heilt ukjent her som gjeringord.

14.

Det var om vinteren at dei køyrde veden heim. Det er ikkje kjent her midt i bygda at dei rekna dette for noko sers surt eller hardt arbeid. Der høyrst litt i den retning - å henta ris på fastlande hjerte i Juvsgrend, som er ii avsidesgrend.

15.

Dei held seg inne i stova med dette arbeidet. Det var helst kveldsarbeid. Dei mätte line den frosne veden.

16.

Kan ikkje finne at det har vori bruka nokon sers kniv til dette arbeidet. Dei bruka helst ein lang lollkniv. Det har ikkje vori noko sers namn på denne kniven, så vidt eg kan skyne. Ljåbrok kan nok ha vori i bruk.

17.

Kan ikkje finne at det har vori brukt

nokon sers framgang anken dei skulle skave for på eller geit. Såvidt eg har spurt, har dei ikkje hatt nokon sers innretning til å leggje veden på eller halda den, men dei skulle skave. Skavhal er ukjent.

18.

Little med ei stong som var festa i golvet og andre enden opp mot bilen er ukjent. Ordet skavhal er ukjent.

19. Dei heldt kjeppen med ei hand og sette andre enden av kjeppen på golvet eller på kantun av et brog. Så skov dei av borken i ein ende av kjeppen. Så snudde dei kjeppen og skov av andre enden.

20.

Ein kalla veden skavved.

21.

Borken kalla dei berre skav.

22.

Dei brukte både tunne kjeppar og litt grovre tre når borken var bra. Dei brukte litt lang ved i den lida, da dei fyrte på peisen. Dei brukte lang ved i dei få orna som var. Det var mest tunne kjeppar dei skov.

23.

Såvidt eg kan skyne så var det helst skavkjepp og skav kubbe dei nytta. Ellers er det ikkje så godt å få sikker greie på dette. Ein meinte at det var noko visst kjent ved ordet skjule og skjular, men var ikkje heilt sikker.

24. Ei nevnte at dei tok lange borkar, andre segjer at dei tok all borken like inn til veden. Det er ingen som hugsar at det var meint noko om at sume skulle vera flinkare i dette arbeidet enn andre.

25 Veden blei bruka til almindelig brennved.

26 I kav blir ikkje bruka no. Det er vel ein 40 år sidan det blei bruka. Det kan vel vera enkelte plassar der det har vori bruka litt seinare utan eg kan ha fått spurtag på det.